



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Morten Sageidet, 5557 2057

Vår dato  
06.07.2018  
Dykkar dato  
09.03.2018

Vår referanse  
2009/3511 421.3  
Dykkar referanse  
16/3506

Øygarden kommune  
Ternholmvegen 2  
5337 RONG

### **Samordna uttale - andregongs offentleg ettersyn - kommunedelplan for Rongøy, Øygarden**

Vi viser til kommunen si utsending 09.03.18 og dialogmøte 19.06.18.

Fylkesmannen har i denne saka ikkje motteke uttale med motsegn frå andre statlege styresmakter. Kommunen er difor orientert om at Fylkesmannen, ut frå eige medverknadsansvar innan mellom anna miljø, forureining og samfunnstryggleik vurderer at planen på nokre punkt kan stride mot statlege interesser og føresetnader for arealplanlegginga på ein måte som kan utløyse trøng for å fremje motsegn.

#### **Fylkesmannen si vurdering**

Til denne planen var det fire punkt som Fylkesmannen vurderte kunne verta konfliktfulle når det gjaldt nasjonal arealpolitikk, og som Fylkesmannen ville ha dialog om:

1. Bustadområde Merdarseta
2. Naustområde Breivika
3. Småbåtanlegg Rong
4. Akvakulturområde Rong

#### 1. Bustadområde Merdarseta

Avsett bustadområde på Merdarseta B13 er lagt inn i strid med kommuneplanen, og ligg i eit ope landskapsrom der nedre delar av feltet ligg innanfor byggeforbodssona mot sjø. Avstanden frå delar av feltet til Rong sentrum er såpass stor at bustadområdet heller ikkje oppfyller dei statlege planretningslinene for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.

#### 2. Naustområde Breivika

Omfangen av ei naustbygging her vurderte vi som for omfattande, og derfor i strid med strandsonevernet og byggeforbodet.

#### 3. Småbåtanlegg på Rong

Småbåtanlegget S1 på Rong vart vurdert som eit for omfattande tiltak når det gjeldt strandsonevernet. Anlegget er basert på ei større steinfylling sentralt på Rong utanfor eit større samanhengande friområde.

#### **4. Akvakulturområde på Rong**

Dei tre akvakulturområda i planen utanfor Rong er tre eksisterande skjelkonsesjonar som berre delvis er tekne i bruk. Fylkesmannen vurdere det slik at desse akvakulturområda ligg uheldig plassert i høve til allmenn bruk av sentrumsnært sjøareal og såleis ikkje passar inn i ei vidare sentrumsutvikling på Rong.

#### **Samordning og utvida dialog med kommunen**

I samsvar med tilrådde rutinar for Fylkesmannen sitt samordningsoppdrag har Øygarden kommune blitt invitert til og har ønska eit dialogmøte. Møtet vart halde 19.06.18 på Statens hus.

#### Frå Øygarden kommune

- Børge Haugetun – ordførar
- Ottar Vik – leiar utval drift og samfunnsutvikling
- Råmund Skjold – kommunalsjef tekniske tenester
- Øyvind Lunde – leiar teknisk plan og forvaltning

#### Frå Fylkesmannen:

- Lars Sponheim – fylkesmann
- Kjell Kvingedal – avdelingsdirektør
- Egil Hauge – fagdirektør
- Morten Sageidet – seniorrådgjevar
- Sara Nordahl – planrådgjevar

#### **Referat/oppsummering**

Fylkesmannen ønska velkommen og orienterte om måla med samordninga og den utvida dialogen med kommunane. Kommunen orienterte om planen og hovudgrepa i denne. Dialogpunktene vart deretter drøfta. På det einskilde dialogpunktet vart det konkludert med følgjande:

##### **1. Bustadområde Merdarseta**

Fylkesmannen hadde forståing for at kommunen ønska dette bustadområdet som ein del av ei satsing på Rong som senterområde, og at området kan byggast ut utan at det kjem i vesentleg konflikt med dei statlege planretningslinene for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. Konklusjonen er at kommunen legg heile B13 inn i planen, og då med rekkjefølgje-krev, der områda nærmest Rong sentrum vert bygd ut først. Det må òg fokuserast særleg på landskapsverknader og dei allmenne interessene i strandsona i det vidare arbeidet.

##### **2. Naustområde Breivika**

Fylkesmannen aksepterte kommunen si løysing med fornye naustområde i området, men vi oppfatta likevel at kommunen vil vurdere nøyne dei attverande strandsonekvalitetane i området og sikre desse i den vidare planlegginga.

##### **3. Småbåtanlegg på Rong**

Kommunen orienterte om korleis ein teknisk har tenkt å løyse utbygging av hamneområdet. Det var semje om at det var viktig for kommunen å ha eit større småbåtanlegg, òg med gjeste-hamn plassert sentralt på Rong. Fylkesmannen hadde etter det ingen særlege merknader til at føremålet S1 blir liggende planen.

#### **4. Akvakulturområde på Rong**

Det var semje om at dei tre akvakulturområda i nord vil bidra til å binde opp vidare utvikling av sjøareala rundt Rong sentrum på ein uheldig måte. Det vil difor bli arbeidd med å finne erstatningslokalisator for desse, med siktet på at dei etter dette vil bli tatt ut av planen.

I og med at det vart funne løysing på dialogpunktene, blir det ikkje fremja motsegn frå Fylkesmannen til planen. Konklusjonar frå møtet vert innarbeidd i plankartet.

Vi ønskjer lukke til med det vidare planarbeidet.

Med helsing

Rune Fjeld  
assisterande fylkesmann

Egil Hauge  
fagdirektør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune      Postboks 7900    5020    Bergen  
Statens Vegvesen, Region Vest    Postboks 43        6861    LEIKANGER